

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 05.02.2024

Vår ref.: 202401884-1 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: Beredskapskoordinator

Forventningar og informasjon til KBO-einingar i 2024

NVE ønskjer å informere om viktige tema og forventningar til alle KBO-einingane i 2024. Del 1 av brevet omhandlar særskilte forventningar NVE har til KBO-einingane i år. Del 2 informerer om nyleg fullførte og pågåande aktivitetar av relevans for KBO.

Denne typen informasjonsskriv blir kvart år sendt til KBO, og vil likt med tidlegare bli tilgjengeleg på [NVE sine nettsider](#).

Del 1 - Forventningar til KBO-einingar 2024

Hald fram med pålagde sikkerheitstiltak

Mange KBO-einingar blei for omtrent eit år sidan pålagd ekstra sikkerheitstiltak på grunn av det skjerpa trugselbiletet. Tiltaka handla i hovudsak om meir kontroll og overvaking, både fysisk og digitalt. Vi mottek framleis meldingar om observasjonar av mistenkeleg aktivitet, og må rekne med at framandstatlege aktørar er aktive til ein kvar tid. Aktivitetane kan vere innhenting av etterretning, testing av varsling og beredskapsrutinar, krigsførebuande rekognosering eller signalering for å spreie frykt og uvisse. Evne til å oppdage uønskt aktivitet og tilsikta hendingar tidleg er i seg sjølv avskrekkande.

Vi ber dykk framleis om å finne og rette opp manglar i den fysiske sikringa mot innbrot og inntrenging, og vurdere om kameraovervaking for viktige anlegg er naudsynt, sjølv om anlegga ikkje er i klasse 3. På det digitale området ønskjer vi at dykk skal førebu og øve på å stenge ned eksterne tilkoplingar og isolere driftskontrollsystem når det er høg fare for alvorlege dataangrep. Vi vil særleg nemne tiltakspakka som KraftCERT publiserte like før jul.

Vakne og ansvarlege tilsette er ein nøkkel til skjerpa merksemd. Sikkerheit må òg gjelde dei som blir leigd inn. NVE vil halde fram med å ha regelmessige møter og kommunisere med alle KBO-einingar om sikkerheitssituasjonen. Sjølv om de ikkje får spesifikk respons på meldingar om mistenkeleg åtferd, så er meldingane naudsynte for at politiet, PST og NVE skal ha eit oversyn over situasjonen. Praksis med å melde droneflygingar til andre KBO-einingar ser ut til å fungere.



Elles vil vi nytte høvet til å takke for det sjølvstendige, gode og ansvarsfulle sikkerheitsarbeidet som blir drive rundt i verksemdene. Vi trur at auka sikkerheitstiltak, basert på utviklinga i Ukraina og globalt, vil vere naudsynt i all oversynleg framtid. Eit av måla frå arbeidet i Totalforsvarskommisjonen var at ein bør styrkje evna til å utbetre skadar på anlegg i kraftforsyninga. Betre reparasjonsberedskap vil derfor truleg få merksemd i 2024, og vi vil freiste å finne ein kombinasjon av frivillig samarbeid og sentralstyrte ordningar.

Ny forskrift om kraftrasjonering

Ny forskrift om handtering av energiknappheit og kraftrasjonering trådde i kraft 1. januar 2024. I ny forskrift er det gjort endringar blant anna innan tydeleggjering av ansvar og roller, prinsipp for fordeling av energi ved kraftrasjonering, og prinsipp for val og bruk av verkemidlar. Kvotesatsane som nettselskapa skal planlegge for under rasjonering er også justert, medan planlegging av sonevis roterande utkopling utgår. Formålet med forskriftsendringa er å bidra til å styrke forsyningssikkerheita, også i periodar der vi opplever auka usikkerheit i det norske kraftsystemet og i energimarknadane kring oss. Nettselskapa har ein overgangsperiode til 1. oktober 2024 til å oppdatere eller erstatte sine rasjoneringsplanar. Etter overgangsperioden er gjennomført vil NVE igangsette prøvetilsyn, med enkelte nettselskap, etter dei nye bestemmelsane. NVE arbeidar for tida med å oppdatere rettleiaren til den nye forskrifta. Vi vil også invitere nettselskap som ønskjer til eit statusmøte der de kan stilla spørsmål vedrørande arbeidet med oppdatering av rasjoneringsplanar i henhold til ny forskrift. Møtet er planlagd å skje på våren.

Hald NVE oppdatert på kontaktinformasjon og følg Retningslinjer for varsling og rapportering

Ei forutsetning for god samhandling i kraftsektoren, er at KBO-eininga til ein kvar tid held NVE oppdatert på kontaktinformasjon via Altinn. Ved samanslåing eller andre strukturelle endringar, må KBO-eininga alltid informere NVE om endringane så raskt som råd. Om de er usikre, ta kontakt med Birgitte Kjelsberg (biwi@nve.no).

NVE ønskjer i 2024 å ha fokus på varsling og like tersklar for varsling. Rettleiaren til kraftberedskapsforskrifta har allereie vorte endra for §2-5 Varsling, og *Retningslinjer for varsling og rapportering i KBO* skal reviderast i løpet av 2024. Hugs å varsle ved endring av beredskapsnivå. Dette gjer at NVE får oversikt over kor krevjande ei større hending er, eller om det er fleire samtidige hendingar som må handterast i distriktet. Sjå òg nyheitssak frå NVE publisert 12.1.2024: [NVE lanserer digital veiledning til kraftberedskapsforskriften - NVE](#).

Hald dykk oppdatert på informasjon frå NVE på våre nettsider

For å gjere informasjon frå NVEs nettsider meir tilgjengeleg for KBO har vi oppretta ei eiga side for dette: www.nve.no/kbo. Her finner dykk informasjon som er retta direkte mot KBO. Til dømes lenker til innrapporteringsløyningar og informasjon om sektoravgift, rettleiingsmateriale til kraftberedskapsforskriften og relevante publikasjonar.



Del 2 – NVEs oppfølgingsaktiviteter innan kraftforsyningsberedskap

Auka satsing på IT/OT-sikkerheit i kraftforsyninga

NVE fortset arbeidet frå 2023 med å auke beredskapen mot IT/OT-angrep i kraftforsyninga og å styrke IT/OT-sikkerheitsmiljøet i NVE. I 2023 har vi styrka oss fagleg ved å rekruttere tre nye medarbeidarar med fagutdanning innan fagområdet IKT-sikkerheit, og med variert arbeidserfaring. Vi fortsett denne styrkinga i 2024.

I 2023 har vi også med tenestekjøp og innleige gjort viktig grunnarbeid innan IT/OT-sikkerheit, som utvikling av rettleiing på risikoanalysemetode, endringsbehov for kravstilling og sikring av driftskontrollssystem, og kartlegging av leverandørar i kraftforsyninga. Resultatet av dette arbeidet vert publisert som rapportar i byrjinga av 2024.

Andre aktivitetar innanfor IT/OT-satsinga for 2024 er: eit oppdatert mandat for NVE som SRM (sektorvist responsmiljø), temarettleiingar på varsling av IT/OT-hendingar og sikker utvikling, webinar knytt til rettleiaren, øvelse på varsling av hendingar og testing av nye tilsynsmetodar. Vi jobbar også med å sjå på behovet for bruk av kryptologi i driftskontrollssystem, og om det skal stillast strengare krav. Dette gjeld både for kryptering av informasjon og i informasjonskanalar, men også kva som burde gjerast for å forsterke autentisering og å oppretthalde integritet i systema.

Vi deltek i fleire FoU-prosjekt. Blant anna om sikkerheit i leverandørkjeder der Elvia og Statnett har kvar sin doktorgradsstudent engasjert. Dei er begge tilknytt NTNU og forskar på maskinwaresikkerheit. Som ei konsekvens av denne aktivitetar er vi informert om at NTNU planlegg å starte eit emne på maskinwaresikkerheit frå hausten 2024. Dette er eit døme på at bransjen og NVE bidreg til at det vert skapt ny kunnskap i Norge. I 2023 starta vi også eit samarbeidsprosjekt saman med Statnett og Nkom, og med FFI som forskingspartner. Prosjektet har oppretta ei referansegruppe der fleire frå bransjen deltek. Temaet for dette prosjektet er forsyningssikkerheit og beredskap i kraftforsyninga. Prosjektet varer til medio 2025.

Tilsyn med kraftforsyningsberedskap

Beredskapsseksjonen gjennomførte 36 revisjonar innan tematikkane informasjonssikkerheit, driftskontrollsystem, sikringstiltak og reparasjonsberedskap i 2023. Vi auka antalet tilsyn innan informasjonssikkerheit og gjennomførte 11 tilsyn med informasjonssikkerheit og 5 tilsyn med driftskontroll/IKT.

I 2024 er det foreløpig planlagt 40 revisjonar. Tema i år vil vere driftskontrollsystem og IKT-sikkerheit, informasjonssikkerheit, kraftrasjonering og sikringstiltak og reparasjonsberedskap. NVE jobbar med å utvikle vår tilsynsmetode innan informasjonssikkerheit. Det kan derfor verte aktuelt å teste nye metodar for tilsyn i 2024. Vi vil også kunne ta i bruk dokumentkontroll som tilsynsmetode og følgje opp einskilde hendingar med tilsyn.



Ekom- og kraftbransjen styrkar beredskapssamarbeidet

Elektronisk kommunikasjon er avhengig av sikker kraftforsyning. Samtidig forutsett auka digitalisering i kraftsektoren at elektronisk kommunikasjon fungerer. NVE og Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) har gjensidig interesse av å styrke samarbeidet mellom begge sektorar. Nkom og NVE har saman med Telenor, Telia og Elvia foreslått tiltak som skal forebygge og betre handteringa av at straum og elektronisk kommunikasjon blir vekke, og vi samarbeider om å innføre tiltak. I fjor gjennomførte Nkom og NVE *Ekom-Kraft fagdag*. Fagdagen i fjor fekk sær gode tilbakemeldingar, og formålet med dagen er å styrke samarbeid og beredskap på tvers av sektorane. Den 25.april 2024 arrangerer NVE og Nkom ny *EkomKraft-fagdag*. Påmeldinga er opna og meir informasjon finst på NVE sine nettsider.

Beredskapsøvelsar

NVE har i løpet av 2023, og skal i 2024, tilsette nye medarbeidarar innan beredskap. Styrkinga av beredskapskompetansen skal bidra til auka øvingskapasitet og fokus på beredskapsøvelsar i kraftforsyninga. I 2024 skal NVE i samarbeid med Nkom øve på samhandling og samarbeid mellom ekom- og kraftsektorane.

Hausten 2024 arrangerer vi ein varslingsøvelse i henhold til nye *Retningslinjer for varslings og rapportering i KBO* som no er under revidering. Varslingsøvelsen tek utgangspunkt i eit cyberscenario. Dersom din KBO-eining ønskjer å delta, ta kontakt med nve@nve.no, merk e-posten med saksnummer: *202402373 Varslingsøvelse*.

Oppdatert definisjon av kraftsensitiv informasjon (KSI)

NVE har sidan 2021 arbeidd med oppdatert definisjon på KSI i kraftberedskapsforskriften. Målet er at definisjonen skal verte meir detaljert og betre tilpassa digitaliseringa som det grønne skiftet treng. I 2023 har vi arbeidd med ein oppdatert definisjon der vi har vekta openheitsbehova og beskyttelsesbehova. Den oppdaterte definisjonen kjem på høyring som ei forskriftshøyring i løpet av første kvartal 2024. Hovudendingane er at vi er tydelegare på kva teknisk informasjon som er KSI og kva geografisk informasjon som ikkje er KSI.

Delvis underlegging under sikkerhetsloven

NVE har i seinare tid fått fleire førespurnadar som omhandlar oppbevaring av gradert informasjon. Desse førespurnadene omhandlar i hovudsak korleis KBO-eininga skal forhalda seg til gradert informasjon etter til sikkerhetsloven når KBO-eininga sjølv ikkje er underlagt denne. Det er i liten grad moglegheiter for nedgradering av informasjonen og det er vorte ytra ønskjer om at vi ser på moglegheiter og utfordringar kring ei delvis underlegging av sikkerhetsloven for nokre av nettselskapa. Vi tenkjer å halde ei workshop kring tematikken i løpet av året og ønskjer at selskapa dette er relevant for melder ifrå om ønskt deltaking. Dette gjer de til nve@nve.no, merk e-posten med Saksnummer: *202402374 Workshop sikkerhetslov*.

Ny rettleiar i personellsikkerheit




Veileder i personellsikkerhet for kraftforsyningen vart påbegynt i 2023 og lansert i januar 2024. Denne rettleiaren er utarbeidd av Advansia med bistand frå eit utval KBO-einingar. NVE ønskjer at rettleiaren vert teken i bruk og at den er til nytte. Vi ønskjer derfor gjerne tilbakemelding på kva som fungerer godt og mindre godt slik at vi kan ta med oss dette vidare i ein eventuell revisjon av rettleiaren i framtida. Ta kontakt eller send e-post til nve@nve.no merka med saksnummer 202400229 med forslag til endringar, ris eller ros.

Uønska hendingar i 2023

Figuren nedanfor syner ei oversikt over innrapporterte hendingar fordelt på ulike kategoriar.

Figur 1: Innrapporterte uønska **hendingar** 2018-2023



Kategorien informasjonssikkerheit har auka mykje. Den inneheld hendingar der kraftsensitiv informasjon har eller kan ha kome på avveg. Grunnen til den store auka for 2022 og 2023 er hovudsakleg at NVE har bedt KBO vere merksame på uønska hendingar kring kraftforsyningsanlegg. Vi har fått inn mange rapportar om uønska fotografering i nærleiken av kraftforsyningsanlegg frå lufta (dronar) eller frå bakken.

Utfordrande vêr er den kategorien som oftast kjem høgt i statistikken. Her er kort om de viktigaste hendingane dei seinare åra:

- 2023: Vind- og snøhendingar i Sør-Norge og ekstremvêret Hans
- 2022: Ekstremvêret Gyda og kraftig vind på Vestlandet 31. januar.
- 2021: Ekstremvêret Frank 21. januar og nokre snø- og vindhendingar.

Det kan variere mykje frå år til år på grunn av naturlege variasjonar i vêr, men òg på grunn av varierende mengde rapportar vi får inn: Nokre gonger er det mange KBO-einingar som er berørt av det same uvêret.

NVE har motteke fleire rapportar om innbrot, hæverik og tjuveri frå kraftforsyningsanlegg. Det er særleg uttalt i tilfelle der det har vore byggearbeid på anlegg, eller der det er synleg



materiell tilgjengeleg innanfor gjerder. Tjuveri av viktig materiell går utover reparasjonsberedskapen. Ved tjuveri av kopar frå jordingsanlegg er det i tillegg ein sikkerheitsrisiko. NVE oppfordrar KBO til å skjerme og sikre materiell som står på anleggstomt, samt vurdere ekstra vakthald under byggearbeid.

Statistikken vi sit på blir ikkje riktigare enn informasjonen vi får tilgang på, dvs. den informasjonen som vi får rapportert frå KBO og eventuelle hendingar som vi er kjent med frå andre kjelder.

Bistand til Ukraina

Donasjonane av brukt kraftforsyningsmateriell frå norske KBO-einingar til Ukraina blir sett pris på, og bidraga frå Noreg blir lagt merke til. KBO må sjølvstilt vurdere eigen reparasjonsberedskap opp mot eventuelle bidrag og donasjonar.

REN har inngått ein avtale med Utanriksdepartementet og arbeider med avklaringar og koordinering av dei ulike donasjonane. REN har òg sendt ut ein førespurnad til KBO 20.10.2023 om kartlegging av framtidige planar for modernisering i eige anlegg for å få oversikt over eventuelle komponentar som skal fasast ut, og som kan bli tilgjengeleg for donasjon i åra framover. Vi oppfordrar alle i KBO å svare på denne førespurnaden. Meir informasjon finn de på REN sine nettsider.¹

Med helsing

Kristian Markegård
Direktør

Eldri Naadland Holo
Seksjonssjef

Godkjent av Eldri Naadland Holo
Seksjonssjef

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

¹ Status på donasjonsarbeid til Ukraina - REN: <https://www.ren.no/artikkel/status-pa-donasjonsarbeid-til-ukraina>